



Seiersjentene på laget J-10. Flott jobba! (mms foto: Espen Eik)

Fotballsesongen er no over for jentene på laget i J-10-klassen. Etter ei fin stigning i formkurva utover i haustsesongen, slo jentene til med ei skikkeleg festførestilling i avslutningskampen på Heio. Motstandarar var det gode Herøysund-laget, og dei var ubeskjedne nok til å gå knallhardt ut frå start for å ta føringa i kampen.

Uskedalsjentene hadde tydelegvis bestemt for at dei ikkje skulle gje seg utan sverdslag. På imponerende vis kjempa dei seg inn i kampen. Med glimrande keeperspel, god markering i forsvaret og flott kjemping framover på banen tilreiv dei seg etter kvart initiativet i kampen. Dette heldt dei omgangen ut, og lønn for strevet fekk dei og ved ei fin scoring. Marit Inga Sture kjempa til seg ballen, gjorde alt sjølv og skaut ballen via stolpen og i mål. Kjempejubel frå heile heimepublikummet. Dette resultatet heldt seg til pause.

Andre omgang var relativt jamnspela, forsvaret hadde god kontroll og spissane jaga kvar einaste mulighet. Dette resulterte i to nye mål ved Kari Bråtun og Marit Inga Sture. Herøysund hadde og ein del gode målsjansar, men den gode Uskedals-keeperen let seg overlista berre to gonger. Dermed vart sluttresultatet 3 – 2 til heimelaget. Etter stor jubel då dommaren bles av, var det festleg avslutning på sesongen. Kjersti Bråtun stilte med bollar og saft. Det var noko dei fornøgde spelarane sette stor pris.

Det har vore kjekt å følgja dette laget frå sidelina. Fotballmessig har vi mest sett utvikling frå kamp til kamp. Både innsats og fotballforståing har kome seg mykje utover i sesongen. Det er tydele at dei to trenarane, Svein Ove Bråtun og Gøril S. Eik, har hatt ei svært god hand med laget. Kjekt har det og vore at så mange foreldre som har stilt på sidelina og støtta opp om laget på kampane. Mest så det er synd at sesongen er slutt.

Desse jentene har denne sesongen spela på laget: Sussanne L. Eik, Bente Halvorsen, Elisabeth Rebaudo, Victoria Eik, Kari Bråtun, Anne Marthe G. Zimmer, Katrine Y. Røssland, Marte Dagestad, Marit Inga Sture, Karoline I. Amundsen, Ingebjørg Haugland og Kaja Døssland.
Thor Inge Døssland